

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 101/07
Arkivsaksnr: 07/1646
Arkivkode: 614 &46

Sakshandsamar: Kjell Kløve

Saksnummer	Utval	Møtedato
101/07	Formannskapet	31.10.2007
/	Kommunestyret	

KOMMUNALE BYGNINGER - VEDLIKEHALDSPLAN OG INVESTERINGSBEHOV.

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

- Vedlegg 1 – Systemoversikt.
- Vedlegg 2 - Kart.
- Vedlegg 3 - Bilder.
- Vedlegg 4 - Vedlikehaldsregistrering.
- Vedlegg 5 - Oversikt over større vedlikehaldsprosjekt 2008.

Dokument i saka:

Samme som vedlegg

Saksopplysningar:

I løpet av siste året har drift- og vedlikehaldsavdelinga fått utarbeidd ein vedlikehaldsplan for alle kommunale bygningar. Alle bygningar er gjennomgått og status og vedlikehaldsbehov er registrert så langt det let seg gjera. Dvs at alt utvendig behov er registrert, men på bustadene står det att nokre bygg innvendig ettersom dette vert teke i samband med skifte av leigetakar eller når leigetakar sjølv melder inn behov.

I planen er det lagt inn kart som viser plasseringa av bygningen (vedlegg 2), bilete av bygningen eller husværet både utvendig og innvendig og av spesielle feil/manglar (Vedlegg 3) samt skjema for registrering av status og behov utvendig og utvendig (Vedlegg 4).

Vedlikehaldsbehova vert gradert frå 1 til 5 slik at 1 er strakstiltak og dermed høgt prioritert medan 5 er meir langsiktige behov som ikkje krev snarlege tiltak.

Planen må seiast å vera ein dynamisk EDB-basert plan som vil vera i kontinuerleg endring ettersom alle oppsette behov vert korrigerert nærast sagt dagleg etter kvart som tiltaka vert utført samt korrigerert med nye oppdaga eller innmeldte behov frå brukarane.

Dette er difor meir eit arbeidsverktøy enn plan i den forstand ein vanlegvis forstår det.

Innhaldet vil vera svært omfattande og i så jamnleg endring at det har liten verdi å kopiere opp alle kart, bilete og skjemaer som ei papirplan for godkjenning.

Vi har i staden, i Vedlegg 1, vist systemplasseringa på datanettet og i vedlegga 2, 3 og 4 vist eksempler på kva planen inneheld for ein bygning.

Vedlikehaldsplanen vil vera kommunens grunnlag for det framtidige bygningsvedlikehaldet. Ved å plukke ut tiltak som pr. dato er gradert som høgprioritert, vil vi kunna presentere behov som vert ansett som større vedlikehaldstiltak og som dermed vil gå inn som eit investeringsbehov som kan behandlast i samband med økonomiplanen.

I vedlegg 5 er det utarbeidd ei slik liste for større vedlikehald i 2008. Planen inneheld fleire høgt prioriterte tiltak enn desse, men vi har sette på dei som dei viktigaste som må finansierast gjennom investeringsmidler samt at ein del høyprioriterte tiltak vert ansett som mindre, løpande vedlikehald som vert dekkja gjennom det ordinære driftsbudsjettet.

Oppsettet for 2008 viser eit behov for investeringsmidler på ca 2,6 mill. kr.

Forhold til overordna plan:

Plan og finansieringsbehov må vurderast i samband med økonomiplan og budsjett.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Bygningsvedlikehald har betydning for inneklima og miljø for leigetakarar og brukarar.

Økonomiske konsekvensar:

Vedlikehaldstiltak er avhengig av budsjettmidler. Behov for investeringsmidler til større vedlikehald er 2,6 mill.kr. i 2008.

Vurdering:

Vedlikehaldsplanen som er utarbeidd har krevd stor arbeidsinnsats i drift- og vedlikehaldsavdelinga.

Vi reknar likevel med at vi har fått eit nyttig arbeidsverktøy som set oss i stand til å drive eit meir systematisk og framtidsretta vedlikehald og dermed få att for denne ressursbruken over tid.

Planen vil i tillegg gi eit mykje betre grunnlag for ei fornuftig økonomisk planlegging som vil munne ut i den politiske behandlinga av økonomiplan og budsjett.

Vedlikehaldsbehovet for dei kommunale bygningane er stort, ikkje minst pga at mange av bygningane er gamle. Kommunen har bygningar med til saman ca 46.000 m² golvflate, noko som sjølvst har sin pris i vedlikehald.

Det er av avgjerande betydning at det ved bygging av nye arealar vert teke økonomisk høgde for driftskonsekvenser også i form av eit normalt bygningsvedlikehald.

Som eit resultat av arbeidet med vedlikehaldsplanen er kunnskap om kva for bustader som er rekningsvaranda for kommunen å ha. Konklusjonen av dette er at tre bustader peikar seg ut som objekt det er ynskjeleg å kvitte seg med:

”Tømmerbustaden” i Ylivegen har vore i dårleg forfatning lenge. I tillegg fekk den ein omfattande vannskade for ca 2 år sidan og huset er etterpå ikkje renovert. Etter vårt skjønn er det ikkje tenleg for kommunen og ruste oppatt bygningen. Forsikringsselskapet har gjeve opp eit erstatningsbeløp på kr. 365.000 som vi kan få utbetalt dersom huset ikkje vert renovert.

Rådmannen vil anbefale at vi tek imot erstatninga og lyser huset ut for riving.

”Maskinistbustaden” i Ylivegen har ikkje vore utleigd på mange, mange år. For å få den brukbar som utleigeobjekt måtte vi gjennomført ei omfattande renovering som ikkje ville tent seg innatt i form av

husleigeinntekter, ettersom vi erfaringsvis ser at området i Ylivegen ikkje er attraktivt utleigemessig. Rådmannen anbefaler at bygningen blir lyst ut for sal. Eventuelt kan bygningen rivast og tomta sjåast i samanheng med tomta rundt tømmerbustaden og gi eit potensielt areal for sal til industri/næring.

Nedre Thoreplassvg. 1 vart for nokre år sidan kjøpt inn av kommunen til flyktningebustad.

Det har vist seg at det er vanskeleg å få flyktningar til å bu der, m.a. pga standarden på huset og avstanden til sentrum. Bustaden er sporadisk brukt som sosialbustad. Huset har eigen tomt som p.g.a. lite bruk og klientellet ikkje har vorte halde i hevd. Tomta ligg midt i eit bustadfelt og verkar difor skjemma. Også her måtte vi hatt ei omfattande opprusting for å få det attraktivt for utleige, og rådmannen anbefaler difor at dette vert utlyst for sal.

Øvrige bustader og bygningar har pr. i dag normal attraktivitet og fungerer bra dersom vi kan gjennomføre eit tilfredsstillande vedlikehald i framtida.

Rådmannen si innstilling:

1. Kommunestyret tek til etterretning at det er utarbeidd ei vedlikehaldsplan som grunnlag og arbeidsredskap for framtidig vedlikehald av kommunale bygningar.
2. Planen vil også vera eit grunnlag for politiske prioriteringar i samband med økonomiplan og budsjett i framtida, og framlagt behov for investeringsmidler til større vedlikehald for 2008 på kr. 2.600.000 vert vurdert opp mot andre investeringsbehov i økonomiplanen for 2008-2011.
3. Kommunestyret vedtek vidare at "Tømmerbustaden" og "Maskinistbustaden" i Ylivegen kan rivast. Tomteareala kan vurderast for sal til industri-/næringsføremål. Rådmann får fullmakt til å setje dette i verk på den økonomisk mest fordelaktige måten.
4. Rådmannen får fullmakt til å selje Nedre Thoreplassvg. 1 som bebygd bustadtomt. Inntekter frå salet vert attendeført til utbyggingsfondet. Dette gjeld og inntekter frå ev. industritomtesal under pkt. 3.

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 23.10.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kjell Kløve
Teknisk sjef

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 102/07
Arkivsaksnr: 07/1601
Arkivkode: M74

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
102/07	Formannskapet	31.10.2007
/	Kommunestyret	

ENDRING I FELLES BRANNDOKUMENT - HALLINGDAL BRANN OG REDNINGSTENEST

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:
Brannokument om felles brannteneste for kommunane Ål, Hemsedal, Gol

Dokument i saka:
Styreprotokoll frå HBR iks

Saksopplysningar:

Det vart i sak 008/06 skissert eit problem der oppmøte av mannskap ved alarm er redusert dei siste åra. Årsakane til reduksjonen er fleire. For ta tak i problemet vart det skissert to løysingar:

1. Tilsette fleire mannskap som sikrar større sannsynlighet for oppmøte.
2. Innføre vakt i fleire periodar.

Det er i ettertid arbeidd med å kartlegge problemet og det er brukt tid for å prøve å finne gode løysingar som tilfredsstillar krav etter lov og forskrift, arbeidsgjevars krav og mannskapet sitt behov.

Det er halde informasjonsmøte/drøftingsmøte med mannskap og befall for å diskutere løysingar. For Gol stasjon er mannskapet samde om at mykje av problemet er at ein ikkje er tilstrekkeleg på "hogget". Eit slik møte der problemet er lagt fram bør vere nok til at oppmøteprosenten går opp. Det vil ikkje bli gjort endringar pr. i dag.

For Ål stasjon er ikkje problemet tilstades pr. i dag. Det er likevel halde informasjons- og motivasjonsmøte for å forebygge eventuell nedgang i oppmøte.

For Hemsedal er utfordringa større. Mannskapsmøtet avdekkar at det ikkje berre er terskelen for å møte ved alarm som er blitt høgare. Mannskap har etter kvart fått mindre tid til anna arbeid, fritida er meir verdifull enn tidligare m.m.

Det er gjennomført ein spørreundersøkelse for mannskap i Hemsedal. Resultatet av denne skisserer kva tiltak ein vil gjennomføre for å auke oppmøtet ved alarm samstundes som me får halde på verdifull kompetanse.

Forhold til overordna plan:

Ingen innverknad

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen innverknad

Økonomiske konsekvensar:

Selskapet tek sikte på å halde seg innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Vurdering:

Ein deltidstyrke vert basert på at det er tilstrekkeleg oppmøte ved alarm. Kan ein ikkje vere sikker på dette, skal det etablerast vaktordning som sikrar at det kjem minst eit vaktlag.

Ut frå erfaringstal/statistikk kan me slå fast at oppmøte ved Ål brannstasjon er akseptabelt med den vaktordninga som me har i dag.

For Gol stasjon vert det vurdert til at denne er akseptabel inntil vidare. Det vil bli gjennomført forløpande vurdering av dette, men oppmøte etter mannskaps-/motivasjonsmøtet den 05.10.2006 har vore særskilt bra.

For Hemsedal stasjon er det nødvendig å gjere tiltak. Sjølv etter mannskaps-/motivasjonsmøtet den 03.10.2006 er det ikkje noko auke i oppmøte ved alarm. For å halde på kompetanse og samstundes sikre tilstrekkeleg oppmøte, er det vurdert til at det må gjennomførast endringar i branndokumentet.

Ut frå spørreundersøking blant mannskapet i Hemsedal og vurderingar som er gjort vert det vurdert følgjande tiltak:

1. Tilsette fleire mannskap som sikrar større sannsynlighet for oppmøte.
2. Innføre vakt i fleire periodar.
3. Kombinere desse tiltaka.

Med bakgrunn i spørreundersøkinga vert det lagt fram følgjande modell for å sikre tilstrekkeleg oppmøte:

Kostnad med å redusere vaktordning i Hemsedal med eit mannskap:	- 120.000,-
Kostnad med å tilsette 1 mannskap i Hemsedal:	40.000,-

Framlegg til ny vaktordning vert:

Sjåfør, utrykningsleiar og røykdykkar på vakt (3-manns-lag) + 7 mannskap på frivakt. Vaktperiodar vert som i dag med vaktlag i helgar om vinteren, fellesferie og i høgtidshelger.

Det vert teke sikte på at ny vaktordning trer i kraft f.o.m. 1.12.2007.

Ny vaktordning må vurderast etter eit år og seinast etter 1.6.2008.

Da kommunestyret i dei tre samarbeidskommunane skal godkjenne selskapsavtala, blir endringsforslaga lagt fram for kommunestyret til godkjenning.

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommunestyre vedtek å endre branndokumentet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks, der ny vaktordning for Hemsedal brannstasjon vert med fire 3-mannslag pluss 7 mannskap på frivakt. Ordninga

vert gjeldande f.o.m. 1.12.2007 og skal evaluerast innan 1.6.2008.

Brannokumentet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vert endra under punkt C9 og E4.

Rådmannen i Ål, 12.10.2007

Trond Kleppen
rådmann

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 103/07
Arkivsaksnr: 07/1643
Arkivkode: 221 A

Sakshandsamar: Torhild Helling Bergaplass

Saksnummer	Utval	Møtedato
103/07	Formannskapet	31.10.2007

ATTENDEFØRING AV MOMS TIL PROSJEKT

Saka vert avgjort av:
Formannskapet

Vedlegg:
Ingen

Dokument i saka:
Plan for oppvekstsektoren

Saksopplysningar:
Sektorutval for oppvekst drøfta IKT – situasjonen i skulane i sitt møte den 26.06.07. Prosjekt 169, IKT i skulen er eit investeringsprosjekt, og attendebetalinga av momsen går inn i driftsbudsjettet. For raskare å nå sektorutvalet si målsetjing om PC dekning i skulane, gjorde sektorutval for oppvekst slikt vedtak:
”Sektorutvalet bed administrasjonen leggje fram sak for formannskapet om å få behalde momsen i prosjekt 169, IKT i skulen.”

Forhold til overordna plan:
Plan for oppvekstsektoren

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Økonomiske konsekvensar:
Momsen vert attendeført til investeringsprosjektet 169 i staden for til driftsbudsjettet. Det vanlege er at all tilbakeføring av moms på investeringar vert attendeført til ein felles finanspost i driftsbudsjettet. Løyvinga til prosjekt 169, IKT i skulen er for 2007 på kr. 400 000. Jfr. økonomisjefen si utrekning vil momsen utgjera ca. kr. 80 000.

Vurdering:
Sektorutval for oppvekst har utarbeidd ”Plan for oppvekstsektoren 2007-2011” , og denne vart vedteke i Ål kommunestyre den 17.08.06. Mål 6 for grunnskulen lyder slik:

6. ”Skulane i Ål skal vera fullt på høgde med nasjonalt nivå innan satsingsområdet bruk av digitale verktøy”.

Difor skal kommunen:

1. Sørge for at både barn og vaksne i skulane får kvar sin bærbar PC snarast og innan 2008.
2. Leggje til rette for auka forståing for IKT-bruk i skulen for foreldra.

Det har gjennom fleire år gradvis vorte lagt til rette for bruk av IKT i skulane.

Krava i læreplanane til bruk av IKT kom med auka styrke ved den nye læreplanen av 2006. Dette har stilt nye krav til både kompetanse og utstyr. Dette betyr at sektorutvalet ønskjer å intensivere opprustinga. Alle lærarane har fått bærbar PC`ar, og no er elevsatsinga i gang. Sektorutvalet kjem nok ikkje til å koma i havn med si målsetjing om bærbar PC`ar til alle barn og vaksne innan 2008. For å koma nærmare målsetjinga, bed sektorutvalet om at investeringsmomsen på prosjekt 169, IKT i skulane, vert attendeført prosjektet, og at pengane vert brukte til å kjøpe PC`ar til elevane.

Rådmannen rår til å imøtekomma sektorutvalet sitt ønskje om at momsen vert attendeført prosjektet.

Rådmannen si innstilling:

Ål formannskap godkjenner at momsen frå prosjekt 169, IKT i skulen, vert attendeført prosjektet for 2007.

Oppvekstsektoren, 22.10.2007

Trond Kleppen
rådmann

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 104/07
Arkivsaksnr: 05/1285
Arkivkode: C50

Sakshandsamar: Maria Høgetveit Berg

Saksnummer	Utval	Møtedato
104/07	Formannskapet	31.10.2007

OPPATTRYKK AV HEFTE OM GRANHAGEN

Saka vert avgjort av:
formannskapet

Vedlegg:
Referat frå møte med interessentar 25. oktober 2005

Dokument i saka:
Tidlegare brosjyre
Framlegg til ny (lay-out)

Saksopplysningar:
Våren 2007 gav formannskapet kultursjefen munnleg oppmoding om å undersøkje moglegheita for å trykkje oppatt brosjyra ”Dei kunna lite meir enn å mata seg..” Granhagen – frå gamal kulturgrunn til nytt bustadfelt. Heftet kom i 1982 etter initiativ frå kulturstyret. Store delar av grenda hadde då vorte omskapt til eit bustadfelt og mange ynskte å presentere historia til grenda før kunnskapen vart borte mellom ny bustadbygging og nye vegar.

Hausten 2005 vart det teke initiativ frå ein del interessentar (spesielt barnehagen) om å trykkje oppatt dette heftet. Det vart halde eit møte på Skattebøl skule 25. oktober, og oppgåver vart fordelt. Trond Andersson har fått laga og kostnadsberekna ny brosjyre. Masteren for den gamle er ikkje bevart. Skal ein trykkje heftet oppatt, må me både fornye og revidere noko. Heftet må lagast på ny, kostnadsanslag ca kr 40.000 + mva.

Forhold til overordna plan:
Kommuneplanen 3.5 – pkt 5

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:
Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:
Kommunen forskotterer heile kostnaden til produksjon (kr 40.000 + mva) av heftet og får inntekten etter kvart som heftet blir seldt..

Vurdering:

Det første heftet kom ut i 1982, 25 år sidan. I dag er det på gang eit generasjonsskifte i dette bustadområde, og mange av innbyggjarane har ikkje kjennskap til historia til grenda Granhagen. Det første heftet har ikkje vore å få tak i på mange år, og mangt har endra seg også her på dei 25 åra som har gått.

Det trengs ei revidering av heftet. Trond Andersson vil stå for utforminga, Hallgrim Berg vil revidere tekstane og ein del av biletmateriellet blir skifta ut. Finansieringa kan vera rein kommunal og inntektene av eventuelt sal blir å føre attende til kommunen.. På møtet i oktober 2005 vart det ynskt at alle elevar som går på Skattebøl skule skulle få eit eks til odel og eige. Skulen og barnehagen får ”klassesett” og elles kan kven som helst kjøpe heftet i lokal bokhandel. Opplag 500.

Budsjett:

Utgifter:

Trykkekostnader		kr 30.000 +mva
Arbeid med bokbunad	kr 5.000 +mva	
Biletmateriell		kr 5.000 +mva

Inntekter:

Sal 200 a kr 100,- Utsalspris kr 130,-)		kr 20.000
---	--	-----------

Rådmannen si innstilling:

Ål kommune trykkjer oppatt heftet om Granhagen som kom i 1982. Biletstoffet og tekstane blir til dels reviderte.

Heftet skal delast ut til alle skulebarn i krinsen, skule og barnehage skal ha klassesett og elles skal heftet seljast gjennom bokhandelen.

Kostnadsramme for produksjonen er kr 40.000 + mva, utgiftene blir tekne frå kapitalfondet. Salsinntektene går attende til same.

Kulturkontoret administrerer arbeidet.

Kultursektoren, 03.09.2007

Trond Kleppen
rådmann

Maria Høgetveit Berg
kultursjef

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 105/07
Arkivsaksnr: 07/1652
Arkivkode: 242 &00

Sakshandsamar: Are Fosse

Saksnummer	Utval	Møtedato
105/07	Formannskapet	31.10.2007
/	Kommunestyret	

REVIDERTE RETNINGSLINER FOR NÆRINGSFONDET

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:

1. Forslag til reviderte retningsliner for bruk og utbetaling av Næringsfondet (Kraftfondet) i Ål.
2. Eksisterande retningsliner for bruk og utbetaling av Næringsfondet (Kraftfondet) i Ål.
3. Forslag til endring av næringsfondet – Ål Utvikling AS
4. Forslag til endring av næringsfondet – Hallingdal Etablerersenter

Dokument i saka:
Strategisk næringsplan for Ål kommune

Saksopplysningar:
Ål Utvikling og Hallingdal Etablerersenter har fått innspel frå næringslivet i Ål, om at retningslinene for bruk av næringsfondet i Ål er for rigide.

Både Ål Utvikling og Etablerarsenteret meiner det er ei uheldig avgrensing når dagens reglar krev kostnader på 8G før søknader kan handsamast. Når ein ser på kjenneteikn ved dei etableringar som skjer i dag, vil mange ikkje nå dette kravet. Mange velfunderte etableringar, spesielt blant kvinner, har ein bevisst forsiktig start der investeringskostnadane ligg under dei grensene som her er sett. Hallingdal Etablerersenter meiner det ikkje er behov for ei slik nedre avgrensing av oppstartkostnader, men at det bør stimulerast til å hjelpe fram gode og gjennomarbeida etableringar uavhengig oppstartkostnadar. Ål Utvikling på si side meiner grensa bør senkast til 4G.

Hallingdal Etablerarsenter meiner at dagens reglar kan lett føre til kunstig ”oppblåste” kostnadsoverslag, som dei som rådgjevarar for etablerarane ikkje kan gå god for. Ei endring av kostnadsgrensa, eventuelt innføring av eit etableringstilskot, vil truleg føre til meir realistiske og korrekte kostnadsoverslag. Det vil alle partar vera tent med

Forhold til overordna plan:

Føremålet med næringsfondet er å stimulere til nyskaping, nyetablering, knoppskyting, kompetanseheving eller andre utviklingstiltak tufta på varige og lønsame arbeidsplassar og verksemder i samsvar med Strategisk næringsplan sine mål og satsingsområde. Oppfølging og gjennomføring av tiltak i Strategisk Næringsplan (SNP) skal difor prioriterast.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen merknad

Økonomiske konsekvensar:

Revisjon av retningslinene skal ikkje påverka den totale summen som er sett av til næringstilskot.

Vurdering:

Kva er endra:

1. pkt 2.4 Etableringstilskot er tatt inn i retningslinene. Dette skal vera ein etableringsstønad for nyetablerarar der prosjektet ikkje overstig 6(8) G.. Summen er sett til kr. 150.000 i året. Administrasjonen kan handsama desse søknadane delegert.
2. Pkt. 4 c – grensa på 8 G er endra til 6 G.
3. Summane i Retningslinene endrast automatisk i budsjettåret då det er ein liten auke på avkastninga som vert sett av til næringsfondet kvart år og det same gjeld Folketrygdas 1 G.
4. Nyetablerarar bør søke rettleiing hjå Hallingdal Etablerarsenter og det bør følgje ein påteikning frå etablerarsenteret på alle søknader om etableringstilskot.

Det er ikkje mogleg å lage retningsliner som tek høgde for alle situasjonar og føresetnader som bedriftene har. Målet er å ha retningsliner som gjer det mogleg å prioritera mellom søknadar slik at ressursane blir brukt på ein måte som skapar størst mogleg lokal verdiskaping, og at dei er forutsigbare for søkjarane.

Sakshandsamar meiner det kan vere rom for å setje av ein liten del av næringsfondet som etableringstilskot til nyetablerarar. Summen som setjast av kan vere noko liknande det som settast av i landbrukstilskot, og bør kunne handsamast med delegert mynde.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner framlagt forslag til reviderte Retningsliner for bruk og utbetaling av Næringsfondet (Kraftfondet) i Ål.

Trond Kleppen
rådmann

Are Fosse

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 106/07
Arkivsaksnr: 07/1446
Arkivkode: 033 &17

Sakshandsamar: Kari Hallingstad Medgard

Saksnummer	Utval	Møtedato
106/07	Formannskapet	31.10.2007

MØTEPLAN FOR 2008

Saka vert avgjort av:
Ål formannskap

Vedlegg:
Ingen

Dokument i saka:
Ingen

Saksopplysningar:
Sektorutvala og andre utval set opp sine møteplanar i forhold til møta i formannskap og kommunestyre.

Møteplanen er sett opp på grunnlag av dette:

- Kommunestyret har møte 3. torsdag i månaden.
- Formannskapet har møte måndagar, med 2 møter i månaden. Møta er sett opp måndag 1 ½ veke før kommunestyret, og fyrste måndag etter kommunestyret.
- Sektorutvala har møte fyrste tysdag etter kommunestyret.
Dette for at sakene til sektorutvala kan bli sendt ut til medlemmane før dei har gruppemøte i dei politiske partia.
- Eldrerådet har møte annankvar månad, torsdag før sektorutvalsmøta.
Dette for at medlemmene i eldrerådet skal få sakslistene til sektorutvala før møtet, og få levert evt. innstilling til sektorutvalsmøta.
- Administrasjonsutvalet har møte ved behov, på same dag som formannskapet.
- Arbeidsmiljøutvalet har møte 1. onsdag i månaden.
- Juli er møtefri månad.

Endringar i forhold til grunnplan

- Kommunestyret sitt møte i mars kjem på Skjærtorsdag, dette møte vil difor bli flytta til 27. mars.
- Eldrerådet sitt møte i mars kjem på Skjærtorsdag, dette møte vil difor bli flytta til 27. mars.
- Formannskapet sitt 2. møte i mars kjem på 2. påskedag og vil difor utgå.

- Formannskapet sitt 2. møte i desember kjem på dagen før vesle julaftan og vil difor utgå. Sektorutvala sine møte i desember kjem på vesle julaftan og vil difor utgå. Evt. behov for møte i STNR må avtalast direkte med utvalet.

Det blir Folkevaltopplæring 10. – 11. januar.

Sakshandsamarane sine fristar for levering til Sekretariatet.

Saker som skal til handsaming i formannskapet må være levert sekretariatet seinast fredag ettermiddag, 10 dagar før møtedato.

Saker som går vidare frå formannskapet til kommunestyret må vere ferdighandsama i formannskapet 10 dagar før kommunestyremøtet. Det same gjeld saker som går direkte frå sektorutval til kommunestyret. Saker som skal vidare til kommunestyret skal leggest fram for rådmannen for underskrift/godkjenning i god tid før utsendingsfristen til sekretariatet.

Saker til sektorutvala må vere levert sekretariatet 1 ½ - 2 veker før utsending.

Frist for saker til SHS: onsdag ettermiddag, 13 dagar før møtet.

Frist for saker til SUO: torsdag ettermiddag, 12 dagar før møtet.

Frist for saker til STNR: torsdag ettermiddag, 12 dagar før møtet.

Forhold til overordna plan:

Ingen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Vurdering:

Ingen

Rådmannen si innstilling:

Ål formannskap godkjenner møteplan for 2008.

Utval	AMU	Eldreråd	SHS	SUO	STNR	FORM	K-STYRE	Utval
Stad	Hemsen	Hemsen	Hatlehiet	Rettsalen	K-styresalen	Rettsalen	K-styresalen	Stad
Tid	Onsdag kl. 13.00	Torsdag kl.14.30	Tysdag kl. 09.00	Tysdag kl 09.00	Tysdag kl.09.00	Måndag kl. 09.00	Torsdag kl. 17.00	Tid
Januar	02.01	17.01	22.01	22.01	22.01	07.01 21.01	17.01	Januar
Februar	06.02		26.02	26.02	26.02	11.02 25.02	21.02	Februar
Mars	05.03	27.03	25.03	25.03	25.03	10.03 ---	27.03	Mars
April	02.04		20.04	20.04	20.04	07.04 21.04	17.04	April
Mai	07.05	15.05	20.05	20.05	20.05	05.05 19.05	15.05	Mai
Juni	04.06		24.06	24.06	24.06	09.06 23.06	19.06	Juni
Juli	Møtefri måned							Juli
August	06.08		26.08	26.08	26.08	11.08 25.08	21.08	August
September	03.09	18.09	23.09	23.09	23.09	08.09 22.09	18.09	September
Oktober	01.10		21.10 ☐	21.10 ☐	21.10 ☐	06.10 20.10	16.10	Oktober
November	05.11	20.11	25.11	25.11	25.11	10 og 11.11 ☐ 24.11	20.11	November
Desember	03.12		---	---	--- ?	08.12 ---	18.12	Desember

Folkevaltopplæring 10. og 11. januar 2008.

☐ økonomiplan/budsjettarbeid

Administrasjon- og fellestenester, 16.09.2007

Trond Kleppen
rådmann

Kari Hallingstad Medgard

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 107/07
Arkivsaksnr: 07/237
Arkivkode: 033

Sakshandsamar: Margit S. Kopperud

Saksnummer	Utval	Møtedato
107/07	Formannskapet	31.10.2007
/	Kommunestyret	

VAL AV KOMMUNALE STYRER, NEMDER OG RÅD FOR 2007- 2011

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

1. Liste over nemnder/medlemmer for perioden 2003 – 2007
2. Brev frå Fylkesmannen i Buskerud av 14/9 07. Kjønnsmessig representasjon i komm. Utval.
3. Arbeids- og inkluderingsdepartementet 06/09 07 – Samansetting av eldreråd
4. Noregs Fjellstyresamband 13/08 07.
5. Kap. III i Fjellova.
6. Sparebanken 1 Hallingdal 20/9 07 Val av medlemmer/varamedlemmer til forstanderskapet
7. Kommunerevisjonen IKS 17/9 07. Val til representantskapet for kommunerevisjonen IKS
8. Kommunenes Opplæringskontor i Buskerud 28/9 07. Val av medlemmer/varamedlemmer til representantskapet.
9. Reglement om organisering av overformynderi, Vergemålsloven kapittel 3.
10. Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Rundskriv A28/2007- Lov om råd eller annan representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.
11. LHL, Ål . 8/6 07. Vedr. Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
12. Skattedirektoratet . Info om ny nemndstruktur etter reorganisering av Skatteetaten, Likningsnemnd m.m.
13. Direktoratet for naturforvaltning. 17/9 07. Oppnemning av medlemmer til nye villreinnemnder.

Dokument i saka:

Diverse brev frå personar som ber seg fritaken frå attval, eller som ynskjer å fortsetja.

Saksopplysningar:

For den nye kommunestyreperioden 2007 – 2011 skal det velgast medlemmer og varamedlemmer til div. styrer nemnder og råd.

Sjå vedlagt liste over alle styrer, nemnder og råd i Ål kommune.

Dei personar som har bedt om fritaken for attval, er meka med "ut". Likeeins personar me veit har flytta eller er ute av andre årsaker.

Til enkelte av nemndene er det knytt opp spesielle ynskje både frå tidlegare medlemmer og krav som er stilt frå sentralt hald.

Nedanfor følgjer ei oversikt over nemnder og råd der det er kjente endringar for komande periode:

- **Fylkesmannen i Buskerud**, brev av 14/9 07, minner om Kommuneloven sine bestemmelser om kjønnsmessig representasjon i kommunale utval og ber om at kommunen følgjer opp regelverket ved samansetting av nye utval.
- **Arbeidsmiljøutvalet**. Varamedlem Bjørn-Arild Herfinndal har slutta.
- **Byggeskikknemnda**. Berit Heitmann Skrindo ber om fritak.
- **Eldrerådet**. Frå møte 20. sept. i år har Ål eldreråd gjeve melding om at Herbrand Tretterud og Odd Oleivsgard er villige til å ta ei ny periode i eldrerådet. Eldrelaget i Ål kjem med eigne framlegg til medlemmer. Det bør vere med eit medlem Både frå brukarrådet i Kårstugu og Nigardsstug. Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar.
- **Fjellstyre**. Berit Heitmann Skrindo og Ingunn Flaget tek ikkje attval. Ole Tom Nord kan gjerne fortsetja med ein eller annan funksjon i Fjellstyret.
- **Forliksrådet**. Funksjonstid frå 1/5 2008. Unni Sørensen, Terje Danielsen, Karin Redalen og Ole Tom Nord ynskjer ikkje attval til forliksrådet. Vil bli teke opp som eiga sak saman men val av skjønnsmenn, meddomarar og lagrettemedlemmar m.m.
- **Fullmektigar til forliksrådet**. Sigurd Flaget tek gjerne att ein periode som møtefullmektig, det same gjeld Ola K. Rygg.
- **Forstanderskapet til Sparebank 1 Hallingdal**. Forstanderskapet skal ha 24 medlemmer Og 16 varamedlemmer. 3 medlemmer og 2 varamedlemmer skal veljast frå Ål kommune.
- **Heimevernnemnd**: Lov om Heimevernnemnd. I forskriften pkt. 22. *"i hver kommune Skal det være en kommunal Heimevernnemnd. Med rådgivende myndighet. I en kommune skal det opprettes fleire slike nemnder når kommunestyret vedtar dette etter anmodning frå distriktssjefen"* Pkt 23. *"Medlemmer, A) Nemnda skal ha som medlemmer, to oppnevnt av kommunestyret ogett frå den lokale politimyndighet. B) Nemnda velger sjølv leder og sekretær blant nemndas medlemmer"* Funksjonstid 4 år frå 1. januar 2008.
- **Medlem til Ål kyrkjelege fellesråd**. Jfr. Kirkeloven § 12 b. Fellesrådet ynskjer eit noko tettare tilhøve til kommunen enn kva som har vore tilfelle dei siste åra. Gjerne med ein representant frå formannskapet.
-
- **Medlemer til styret fot samarbeidsutvalet i Kleivi Næringspark**.

Jfr. Vedtektene for Kleivi næringspark §4 skal næringsparken leiest av eit styre på fem medlemmer, to frå kvar av kommunane Hol og Ål og ein valt frå bedriftane i Kleivi næringspark. Alle med eigne varamedlemmar. Styret konstituerar seg sjølv. Knut Haug ber om fritak frå styret.

- **Medlem til styret for vegen Rødungstølkrysset – Bry Bru.**
Ved valet i 2003 vart det gjort merksam på at Kommuneestyret i sak 72/03 hadde gjort vedtak om å kutte styrerepresentasjon til m.a. dette utvalet. Likevel vart Kristian Haugen, med Lars Kaslegard som varamedlem, valt for perioden 2003 – 2007.
- **Overformynderiet.** Liv A. Solberg seier frå seg attval. Ho gjer framlegg om at Gerd Ljønes Brunsvold bør spørjast om å gå inn i utvalet.
Overformynderiet er oppretta i meihald av Vergemålsloven § 19. I same lov, §20 heiter det:
*”Overformynderiet har vanlig to overformyndere. Det velges en hvert annet år, av kommunen for fire år regnet frå 1. januar etter valget. Første gang velges to, den ene skal etter loddtrekning fratse efter 2 års teneste. Hvert annet år velges for de følgende år to varamenn til å gjøre teneste når nogen av de valgte medlemmer er ugild eller har forfall.
Ordenen mellom varamedlemmene bestemmes ved valget.”*
- **Medlem til representantskapet for Kommunerevisjonen IKS.**
Kommunerevisjonen har 17/9 d.å. sendt brev vedr oppnemning av ein representantskapsmedlem og framlegg til representant i styret. Sjå vedlegg.
- **Medlem til styret for Kommunerevisjonen IKS – Framlegg:**
Steingrim Roen seier frå attval som medlem til styret.
Framlegg til nytt medlem, leiar i Kontrollutvalet .
- **Medlem til representantskapet for Kommunenes opplæringskontor i Buskerud.**
Sjå vedlegg. Ein frå administrasjonen ?
- **Medlem til generalforsamling til Hallingporten A/L Vegfinans).** Ål formannskap gjorde i sak 97/04 vedtak der dei ikkje finn grunn til ei vidareføring av AL Vegfinans og rådde representantskapet til nedlegging.
- **Råd for funksjonshemma.** Dette vil bli eit nytt utval. Sjå vedlegg.
Kommuneoverlegen viser til at Hol kommune har, så vidt han veit, valt ein modell med eit eige råd der medlemmane blir foreslege frå fylkeslaga og av dei funksjonshemma sine organisasjonar.
- **Skattenemnd.** Dei noverande nemdene har funksjonstid fram til 1. januar 2008. Kommunen sin rolle i val av nemnder for likningsforvaltninga fell deretter bort.
Sjå vedlagte brev frå Skattedirektoratet av 19/03 d.å.
- **Styret for Margit og Lars Gran´s legat.** Sverre Høgberg seier frå seg leiarvervet.
-
- **Styret for legat for Torpe sokn.** Borghild C. Ulshagen ber om fritak.
-
- **Styret for Ål Boligstiftelse.** Sigurd Flaget ber om fritak.
- **Valstyre:** Det må veljast nytt valstyre for Stortingsvalet i 2009 og kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011. I perioden som no går ut er det formannskapet som har vort valstyre, med

ordføreren som leiar. Lova er no endra slik at det ikkje lenger er automatikk i at formannskapet fungerer som valstyre.

- **Villreinsnemnd.** Kommunane skal kome med framlegg om personar til Villreinsnemnd for Nordfjella og Fjellheimen jfr. Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever § 3,3 ledd. Nemnda skal bestå av ein person frå kvar kommune som har areal innanfor Villreinsområdet. Direktoratet for naturforvaltning står for den endelege oppnemninga. Ber om forslag frå kommunen innan 15. nov. 2007.
Sjå vedlegg frå Direktoratet for naturforvaltning av 17.09.07.
Det er kome forslag om Sigmund Tveitehagen .
- **Vilt og Innlandsfiskerinemnd.** Ragnar Ekse og Kai Stein har sagt frå seg attval.
Det er kome fram forslag om Knut Birger Rust som ny leiar. Mogeleg nye medlemmer elles, Karianne Sørbøen og Einar Lauvvang.
Det skal vegast 5 medlemmer med varamedlemmer jfr. Viltlova §4.
- **17. mai nemnd.** I 2006 kom det inn 2 nye medlemmer, Kristin Romslo Lunden og Bjørn Langseth. Desse fortset, dei tre andre går ut av nemnda i år.

Forhold til overordna plan:

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Økonomiske konsekvensar:

Vurdering:

Valnemnda blir bedt om å finne nye medlemmer og varamedlemmer til dei einskilde utvala på bakgrunn av innkomne ynskje frå medlemmane og brev frå div. organisasjonar og myndigheitsorgan.

Rådmannen si innstilling:

Ingen.

Administrasjon- og fellestenester, 15.10.2007

Trond Kleppen
rådmann

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 108/07
Arkivsaksnr: 07/1645
Arkivkode: 061

Sakshandsamar: Tove Østingsen

Saksnummer	Utval	Møtedato
108/07	Formannskapet	31.10.2007

MELDINGAR TIL FORMANNSKAPET - I MØTE 30.10.2007

Saka vert avgjort av:
Formannskapet

Vedlegg:

1. Forslag om samanslåing av politidistriktene i Buskerud og Oppland fylker – høring.
2. Søknad om ambulerande skjenkeløyve 04.10.07, 01.11.07, 06.12.07
3. Søknad om ambulerande skjenkeløyve 13.10.07
4. Søknad om ambulerande skjenkeløyve 20.10.07
5. Søknad om ambulerande skjenkeløyve 23.10.07
6. Myrenvegen 2007.
7. BuskerudPlan – Høring på forslag til kommuneplanavtale.
8. Hallingdal fotballklubb – søknad om spelarutviklingsmidlar.
9. Buskerud fylkeskommune - Forslag på kandidatlar til kulturpris, idrettsstipend og likestillingspris.
10. Tertialrapport nr. 2 – 2007.

Rådmannen si innstilling:

Ingen

Administrasjon- og fellestenester, 23.10.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Tove Østingsen

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 109/07
Arkivsaksnr: 07/301
Arkivkode: 044 &00

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
37/07	Formannskapet	05.03.2007
12/07	Sektorutval for oppvekst	24.04.2007
12/07	Sektorutval for helse- og sosial	24.04.2007
34/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	24.04.2007
109/07	Formannskapet	31.10.2007
/	Kommunestyret	

EVALUERING / JUSTERING AV DELEGASJONSREGLEMENTET.

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Forslag til justert delegasjonsreglement.
 Høyringsforslag frå sektorutvala

Dokument i saka:

Grunngitt spørsmål med svar frå ordførar.
 Reglement for Ål kommune

Saksopplysningar:

Etter ynskje frå kommunestyret vert det lagt fram ei revidering av kommunen sitt delegasjonsreglement. Formannskapet har bedt sektorutvala koma med innspel, og har etter det sett ned ei politisk arbeidsgruppe til å vurdere reglementet. Arbeidsgruppa har hatt slik samansetnad: Torleif Dalseide, Tore Bøygard, Ivar Brevik og Torhild Helling Bergaplass. Når administrasjonen legg fram saka, er det i utgangspunktet den politiske arbeidsgruppa si tilråding som blir lagt fram. Sjå vedlagte forslag til nytt delegasjonsreglement, og sektorutvala sine uttaler.

På den eine sida blir det lagt opp til ei generell revidering med retting i høve til endringar gjort sidan førre revidering og endringar i til dømes lovhenvisning, der det har skjedd endringar i lovverket. Samstundes skal revideringa prøve å innfri kommunestyret sin intensjon om justering for evt. uheldige erfaringar med noverande reglement .

Rådmannen la fram eit nytt utkast til delegasjonsreglement for arbeidsgruppa, der det var justert for endringar i lovheimlar og endringar i delegasjon som følgje av kommunestyre- vedtak og endra organisering (i tråd med SUO si høyringsuttale).

I tillegg var SHS sitt ynskje om delegasjon til miljøretta helsevern og STNR sitt forslag om eit nytt punkt 6.11 om utbyggingsavtaler innarbeidd.

Arbeidsgruppa har gjort sine vurderingar og lagt inn ytterlegare forslag til justering, slik det kjem fram i det reviderte vedlegget til saka og i omtale nedanfor.

Sektorutvala ga under høyringa ei relativt sprikande vurdering av noverande reglement.

SHS var godt nøgd med noverande reglement, men ba om at delegasjon til miljøretta helsevern vart bakt inn i reglementet. SUO såg behov for at delegasjonsreglementet vart skriven heilt om. Dei ba spesielt om ei endring av pkt 6.1, pkt 6.6 og pkt 6.7 i retning av sterkare politisk styring

I uttale frå STNR er det forslag om at sektorutvala under pkt 6.1 berre skal ha høve til å delegere til rådmannen å fatte positive vedtak på søknadar, men ikkje ha høve til avslag.

I tillegg ville STNR ha eit nytt punkt 6.11 for å delegere mynde til å framforhandle utbyggingsavtaler etter PBL § 64.

Arbeidsgruppa har forslag om følgjande endringar / tillegg:

Under 1.1 sette inn : §63, nr.2 og §65 Fastsetje vedtekter og velje styre for Ål Kraftverk KF.

Under 1.7 endre til: 1.7.2 Gje retningsliner til styret for Ål Kraftverk KF for forvaltning av kommunen sine kraftrettar, herunder retningsliner for fastsetjing av straumpris til eigne abonnentar.

Vedta budsjett, rekneskap og årsmelding for Ål Kraftverk KF.

Under 3.3 endre til: Styret for Ål Kraftverk KF sitt mynde er fastsett i kommunale vedtekter av 20.nov-03, og i kommunelova §67. Jfr unntaka i delegasjonsreglementet punkt 1.7.2.

Alle underpunkt 3.3.1 til 3.3.5 går da ut.

Under 3.4 nytt pkt: KLAGENEMNDA FOR KOMMUNESTYRET SITT SAKSOMRÅDE.

Handsaming av klager på enkeltvedtak gjort av formannskapet.

Under 6.2 stryke punktet: Rådmannen blir saman med ordførar delegert mynde til å vurdere og fastsette straumprisen for Ål.

Under 6.10 flytte til: nytt pkt 7 med same innhald.

Under 6.10 nytt pkt : Rådmannen har mynde til å framforhandle utbyggingsavtaler etter plan og bygningslova §64.

Alle ovannemnde endringar var samrøystes i arbeidsgruppa og er lagt inn i vedlagte forslag til nytt delegasjonsreglement. Rådmannen ser på endringane som kurrante korrigeringar.

Det er òg lagt inn forslag om å stryke ordet vesentleg i punktet for § 45 nr 2:

”Vedta årsbudsjett og vesentlege endringar i dette.”

I arbeidsgruppa var det i tillegg eitt punkt med dissens, der to representantar ville ta vekk rådmannen sin mynde til oppretting / tilsetjing / oppseiing og fastsetting av løns og arbeidsvilkår for assisterande rådmann og sektorleiarane i Oppvekst og Helse/sosial. Dette inneber endring av pkt 3.1.7 samt pkt 6.4 og 6.6. To representantar gikk i mot slik endring. Dissensen er årsak til at forslaget ikkje er lagt inn i vedlagte utkast til nytt reglement.

Ut over ovannemnde endringsforslag, er det berre gjort språklege endringar.

Forhold til overordna plan:

Reglement for Ål kommune har delegasjonsreglementet som eit underkapittel. Delegasjonsreglementet heng saman med prinsipp for politisk styring, personalpolitiske retningslinjer, alle øvrige reglement i kommunen og ikkje minst kommunen sin leiarfilosofi

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente

Økonomiske konsekvensar:

Ingen konsekvensar, om revideringa ikkje inneber innføring av store byråkratiske endringar med meir tungvinn og arbeidskrevjande saksbehandling.

Vurdering:

Sjølv om dette no er ei innstilling frå ei politisk arbeidsgruppe, finn rådmannen det likevel rett å gjera kommunestyret merksam på dei konsekvensar administrasjonen ser, i ei sak som grip så direkte inn i rådmannen / administrasjonen sitt arbeid og mynde.

Ei slik revidering må sjåast opp mot kommunestyret sine intensjonar i det samla reglementet for Ål kommune. Kommunestyret har delegert ei rekke områder til sektorutvala, der sektorutvala evt. kan delegere vidare til administrasjonen.

Rådmannen vil ikkje rå kommunestyret til å gripe inn i sektorutvala sin mynde her, og legge generelle føringar for sektorutvala sitt arbeid. Det kom ikkje inn forslag i høyringa om endring av mynde til sektorutvala, ut over STNR sitt forslag om at sektorutvala berre skulle ha høve til å delegere ”positiv” vedtaksmynde. Tilsvarende forslag ligg ikkje i arbeidsgruppa sitt forslag. Rådmann ser det vanskeleg å ha mynde i alle saker der rådmannen vil fatte positive vedtak, men inndra delegasjon til å gi avslag på søknadar, slik ei av høyringane har forslag om. For enkelte saksfelt vil det kanskje vere like aktuelt at administrasjonen berre skal ha høve til avslag.

I endringsforslaget er det under kommunestyret forslag om å fjerne ”vesentlege” når det gjeld mynde til endringar av budsjettet. Dette er i realiteten ei inndraging av mynde til sektorutvala.

I mange år har administrasjonen hatt mynde til å fastsette og endre detaljbeløp innafor eit tenesteområde og sektorutvalet mynde til å foreta mindre justeringar mellom tenesteområder innafor sin sektor, når dette ikkje endrar tenestenivået kommunestyret har fastlagt for sektoren. Rådmannen vil difor tilrå at ordet ”vesentlege” under endringar i årsbudsjettet blir ståande. Det vil virke tungrodd om mindre vesentlege justeringar i sektorutvalet må godkjennast av kommunestyret, og samstundes redusere sektorutvalet sin posisjon og mynde.

Forslaget (dissens) om inndraging av rådmannen sin mynde til å opprette / nedlegge / tilsette og å fastsette løns og arbeidsvilkår for ass. rådmann og sektorleiarar, står i sterk motstrid til det som ligg i kommunelova sin omtale av områder og mynde som ligg til administrasjonssjefen (rådmannen). Kommunelova legg fokus på det heilskapeleg leiaransvar for saksførebuing og administrasjon, på same måte som den kontrollerande funksjon med forvaltning og økonomi er lagt til administrasjonssjefen. Rådmannen sine verkty som leiar av forvaltninga og den ansvarleg for å levere resultat som kommunestyret har bedt om, ligg sjølv sagt i fullt mynde til å velje ut sine næraste medarbeidarar og viktigaste samspelpartar for å nå måla, like eins som at vanlege vilkår som løns- og arbeidsvilkår er ein heilt essensiell reiskap i rådmannen sin utøving av leiarskap.

Om kommunestyret skal gå ut og rekruttere ny rådmann med signal frå det politiske miljø om å redusere rådmannen sitt ansvar og mynde i høve til næraste medarbeidarar, samstundes som nokon vil forsterke ansvaret gjennom åremål og strengare krav til resultat / måloppnåing, kan virke særst uheldig.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert 22.10.2007 med følgjande endringar / tillegg:

- 1.
- 2.

Rådmannen i Ål, 23.10.2007

Trond Kleppen
rådmann

Formannskapet handsama saka den 05.03.2007, saksnr. 37/07

Handsaming:

Etter ei kort drøfting vart det gjort klart at formannskapet ynskjer ei open høyring med utgangspunkt i dagens delegasjonsreglement. Reglementet sendast til sektorutvala for høyring.

Vedtak:

Formannskapet ynskjer ei open høyring med utgangspunkt i dagens delegasjonsreglement. Reglementet sendast til sektorutvala for høyring.

Sektorutval for oppvekst handsama saka den 24.04.2007, saksnr. 12/07

Handsaming:

SUO meiner at delegasjonsreglementet må skrivast heilt om med utgangspunkt i dagens organisering. SUO drøfta spesielt punkt 6.1, 6.6 og 6.7 med tanke på å endre desse i retning av sterkare politisk styring. SUO vil ha framlegg til revidert delegasjonsreglement med organisasjonskart til handsaming på alle politiske nivå, frå sektorutval til kommunestyre. Samrøystes.

Vedtak:

SUO meiner at delegasjonsreglementet må skrivast heilt om med utgangspunkt i dagens organisering. SUO drøfta spesielt punkt 6.1, 6.6 og 6.7 med tanke på å endre desse i retning av sterkare politisk styring. SUO vil ha framlegg til revidert delegasjonsreglement med organisasjonskart til handsaming på alle politiske nivå, frå sektorutval til kommunestyre.

Sektorutval for helse- og sosial handsama saka den 24.04.2007, saksnr. 12/07

Handsaming:

Sektorutval for helse og sosial gir slik uttale til høyring vedr. delegasjonsreglementet:

Sektorutval for helse og sosial veljer å gi høyringsuttale til delegasjonsreglementet utelukkande ut frå sektorutvalet sitt ansvarsområde.

Det er ein føresetnad at formannskapet tek i vare dei justeringar av delegasjonsreglementet som organisasjonsendringar tilseier.

Sektorutval for helse og sosial ber administrasjonen innarbeide delegasjon innan miljøretta helsevern jf SHS-sak 5/07.

Utover dette meiner utvalet at dagens ordning fungerer godt for samarbeidet med helse- og sosialsektoren.

Vedtak:

Sektorutval for helse og sosial veljer å gi høyringsuttale til delegasjonsreglementet utelukkande ut frå sektorutvalet sitt ansvarsområde.

Det er ein føresetnad at formannskapet tek i vare dei justeringar av delegasjonsreglementet som organisasjonsendringar tilseier.

Sektorutval for helse og sosial ber administrasjonen innarbeide delegasjon innan miljøretta helsevern jf SHS-sak 5/07.

Utover dette meiner utvalet at dagens ordning fungerer godt for samarbeidet med helse- og sosialsektoren.

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 24.04.2007, saksnr. 34/07

Handsaming:

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) til tillegg til punkt 6.1. "Delegasjon til rådmannen" vart vedteke med 6 (2 SP, H, FrP, Ap og 1 V) mot 1 røyst (V):

...med unnatak av saker/søknadar som rådmannen ikkje vil imøtekoma. Desse sakene skal fram til politisk handsaming.

Mindretalet på 1 (V) røysta mot dette framlegget.

Følgjande framlegg frå Olav Lappegard (SP) nytt punkt 6.11 vart samrøystes vedteke: Mynde til å framforhandle utbyggingsavtale etter plan- og bygningslovas §64.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har følgjande innspel til revisjon av delegasjonsreglementet for Å1:

STNR ynskjer følgjande tillegg til punkt 6.1: Delegasjon til rådmannen:

...med unnatak av saker/søknadar som rådmannen ikkje vil imøtekoma. Desse sakene skal fram til politisk handsaming.

STNR ynskjer følgjande nytt punkt 6.11:

Mynde til å framforhandle utbyggingsavtale etter plan- og bygningslovas § 64.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 110/07
Arkivsaksnr: 07/1341
Arkivkode: 146 C50

Sakshandsamar: Maria Høgetveit Berg

Saksnummer	Utval	Møtedato
110/07	Formannskapet	31.10.2007

HISTORIA OM ÅL - KULTURMINNEPAKKER

Saka vert avgjort av:
Formannskapet

Dokument i saka:
Vedtak i formannskapssak 66/07

Saksopplysningar:
I formannskapet vart det i 21.05.07 gjort fylgjande vedtak under meldingssaker:

Ål Formannskap ber administrasjonen legge fram ei sak om korleis Ål kan synleggjera/opne alle sine museumsfaglege tilbod for innbyggjarar og turistar. I saka skal det vurderast oppretta eit eige prosjekt som avklarar korleis dette kan organiserast og samordnast slik at det kan tilbys som eit samla tilbod for publikum. Ei kostnadsvurdering må følgje saka.

Forhold til overordna plan:
I samsvar med kommuneplanen 3.5, pkt 7, 8 og 9.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:
Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:
[skriv inn tekst her, trykk F11]

Vurdering:
Prosjekteigar og oppdragsgjevar er Ål kommune v/Formannskapet. Administrasjonen vurderer oppdraget slik:

Mål
Samordne og synleggjera kulturminne i Ål kommune som eit tilbod til innbyggjarane i Ål og turistar til bygda.

Innhald

Produktet må inkludere både materielle og immaterielle kulturminne: kulturvernområde, bygningar, bygningsmiljø, tekstilar og klede, saker og ting, språk, musikk og dans, HISTORIA.

- Merkte kulturminne (også vurdere kulturminne som enno ikkje er merkte)
- Leksvol (Ål bygdemuseum)
- Torpo stavkyrkje
- Prestegardslåven m/stavkyrkjemuseet
- Ål kyrkje
- Stugu (kulturhuset)
- Bygdearkivet
- Naturstigen på Sundreberget
- Naturstigen på Leksvol
- Natur/kulturområdet på Torpo
- Gamlle ferdselsvegar

Alle desse fysiske kulturminna har ei historie å fortelje.

Medspelarar

- Kulturansvarleg i kommunen
- Utviklingsavdelinga i kommunen
- Skulen
- Kyrkja
- Reiselivet
- Friviljuge lag (historielag, mållag, arkiv, bygdekvinnelag mf)
- Politikarane
- Kulturnæringsdrivande i kommunen.

Eit eventuelt prosjekt må greie ut om alle sider ved kulturminne skal sameinast i ein presentasjon, eller om ein skal ha delprosjekt under same paraply. Skal presentasjonen ha ulik form for ulike målgrupper? Administrasjonen gjer framlegg om å lage til ulike "Kulturpakker" av ulikt innhald, tilrettelagt for ulike grupper og aldrar.

Eit forprosjekt bør avklare og setje rammer for:

- omfang
- innhald
- tidsbruk
- økonomi

Kostnadsramme for heile prosjektet med produksjon av kulturpakker etc., er vanskeleg å setje no, men kostnadsramme for forprosjektet kan setjast.

Rådmannen si innstilling:

Formannskapet ber om eit forprosjekt for å avklare omfang, innhald, tidsbruk og økonomi i prosjekt for synleggjering og bruk av kulturminna i Ål gjennom utarbeiding av ulike "kulturpakker" (oppfyljing av f.sak 66/07, pkt 2).

Formannskapet oppnemner fylgjande medlemmer til forprosjektet

1.(politikarrepresentant)
2.(representant Ål utvikling)
3.(representant frå kyrkja)

4.(representant frå friviljug kulturliv)

Kultursjefen er sekretær for nemnda og kallar inn til fyrste møte

Forprosjektet skal leggjast fram for Formannskapet i februar 2008,
Arbeidet har ei økonomisk ramme på kr 10.000, dekt frå formannskapsposten 1.47...1010.1805.

Kultursektoren, 15.10.2007

Trond Kleppen
rådmann

Maria Høgetveit Berg
kultursjef

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 111/07
Arkivsaksnr: 07/1586
Arkivkode: 145

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
111/07	Formannskapet	31.10.2007
/	Kommunestyret	20.12.2007

ØKONOMIPLAN 2008-2011 MED ÅRSBUDSJETT 2008

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:

Økonomiplan 2008 – 2011

Årsbudsjett 2008

Vedlegg budsjettforslag frå særbedrifter og spesialområder, inkl Kyrkja.

Dokument i saka:

Underlagsmaterieil frå administrasjonen sitt arbeid.

Statsbudsjettet

Saksopplysningar:

Rådmannen syner i denne omgang til dei opplysningar som ligg i økonomiplandokumentet.

Med grunnlag i hektisk innspurt, har me prioritert å få ferdig mest mogleg av formannskapet sitt grunnlag som er budsjettframlegget for 2008 og økonomiplandokumentet for 2008 – 2011.

Sjølve saksutgreiinga kan administrasjonen arbeide meir med fram til økonomiplan-konferansen den 12. og 13. november.

Forhold til overordna plan:

Kommuneplanen og sektorplanar er grunnlaget for økonomiplanen saman med overordna statlege mål kommunisert gjennom statsbudsjettet.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente, ut over dei konsekvensar i arbeidsmiljøet som følger av manglande rom for styrking i bemanninga.

Økonomiske konsekvensar:

Driftsbudsjettet for Ål kommune er noko gunstigare enn for mange andre kommunar.

Små nedskjeringar i budsjettet for avdelingane, er relativt udramatisk. Ål kommune kan vidareføre

noverande drift, utan tenestenedlegging eller inndraging av stillingar. Statlege satsingar som psykiatriprosjektet, barnehageutbygging, frukt / grønt i skulen og auka timetal for barnetrinnet skal vere på plass i Ål sitt driftsbudsjett. Nye vedtekne tiltak i.l.a. 2007 er lagt inn i driftsbudsjettet. Det er ikkje rom for nye tiltak eller styrking av bemanninga. Dette gjeld òg for regjeringa si satsing på nye stillingar innan pleie og omsorg.

Forslag til driftsbudsjett skal ikkje ha økonomiske konsekvensar for kommunen på sikt, da budsjettet er lagt innafør inntektsgrunnlaget i 2008.

Investeringsbudsjettet er som vanleg offensivt, med ein samla investeringskostnad for perioden 2008 – 2011 på 116 mill kroner. Det er da lagt inn i planen styrking av utbyggingsfondet / nedbetaling av lån. Nye låneopptak er berre planlagt innan vatn / avløp, der slike lån skal dekkast over sjølkostrekneskapen og avgiftene. Det vil difor ikkje ha økonomiske konsekvensar for den økonomiske situasjon i kommunen. Investeringsbudsjettet er elles lagt slik at det skal styrke kommunen sin økonomiske stilling, i staden for å svekke.

Vurdering:

Samanlikna med sær mange kommunar som no planlegg nedskjeringstiltak, er Ål kommune som kjem relativt gunstig ut i statsbudsjettet, i den stilling at me kan vidareføre drifta og innfri dei tiltak kommunestyret og regjeringa har vedtatt for 2008.

Inntektsanslaget er noko meir offensivt lagt enn tidlegare.

Meir utførleg vurdering vil evt. bli lagt inn seinare, da Sekretariatet no må ha saka for utsending.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre vedtek formannskapet sitt framlegg til Økonomiplan 2008 – 2011 med årsbudsjett 2008. I tillegg til taldelen vedtek kommunestyret følgjande:

- 1 Med heimel i Lov om eigedomsskatt av 06.06.75 §10, vedtek kommunestyret å skrive ut eigedomsskatt for 2008-2011 for verker og bruk - etter ein sats på 7 %.
- 2 Formannskapet får delegert fullmakt til å disponere frå teneste 1805 Til formannskapet sin disposisjon for løyvingar inntil 150.000 kroner, inkl 50.000 kroner til "Dei kvite bussane".
- 3 Rådmannen får fullmakt til å fordele / disponere felles utstyrspott innafør ei ramme på 1.500.000 kroner.
- 4 Følgjande investeringsprosjekt skal fram for kommunestyret som enkeltsak før igangsetting:
 - Nye barnehageavdelingar
 - Slutføring Myren, når anbod / endeleg kostnad for austre del er kjent.
- 5 Kommunen sine betalingsordningar, eigenbetaling, avgifter og gebyr blir auka tilsvarande kommunal deflator på 3,5 % med følgjande unntak:
 - Husleigesatsane skal justerast etter konsumprisindeks pr 15.desember.
 - Kommunale avgiftssatsar for vatn / avløp blir fastsett etter sjølvkostprinsippet i egne saker.

- Feieavgifta vert justert opp med ?? % (Jfr eigen sak.).
- Avgiftssatsane for renovasjon og for slamtømming (ingen auke) ??
- Kommunal brøyting av private områder (sjå eigen sak)

6 Kommunestyret godkjenner følgjande låneopptak:

- frå Husbanken til vidareutlån (Startlånordninga) med inntil 1.000.000 kroner i 2008. Dette lånet har 18 års avdragstid der dei 3 første åra er avdragsfrie.
- Rehabilitering av vatn og avløp med 6 mill kroner i 2007.
- Utviding Ål Renseanlegg ???.

7 Busetjing av flyktningar i planperioden kan skje innafor ei ramme på inntil 10 flyktningar pr. år (inkl. familiegjeforening).

8 Kommunestyret fråvik vedtektene for utbyggingsfondet og godkjenner å nytte deler av grunnkapitalen for finansiering av investeringar i 2008. Det er ein føresetnad at fondet dei neste åra må byggast opp att.
Kommunestyret vil òg vurdere sal av eigedomar for styrking av utbyggingsfond.

9 Kommunestyret vedtek følgjande styrking i driftsbudsjettet / nye driftstiltak:

10 Kommunestyret vurderer kommunen sin likviditet som tilfredsstillande for å dekkje løpande behov.

Rådmannen i Ål, 23.10.2008

Trond Kleppen
rådmann

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 112/07
Arkivsaksnr: 07/882
Arkivkode: 143 C2

Sakshandsamar: Maria Høgetveit Berg

Saksnummer	Utval	Møtedato
112/07	Formannskapet	31.10.2007

IDRETTSPLAN – REVIDERT KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2008 -2011

Saka vert avgjort av:

Planutvalet/Formannskapet

Dokument i saka:

Vegleiar frå departementet

Saksopplysningar:

I desember 2003 vart Tematisk kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet Ål kommune 2004 – 2014 vedteke i kommunestyret, K.sak 123/03.

Planen skal no reviderast for ein ny 4-årsperiode. Til dette trengs eit politisk oppstartsvedtak. Heile planen skal leggjast ut til offentleg høyring.

Arbeidet med å utarbeide ein kommunedelplan er definert i plan- og bygningslova §20-5. Det er kommunepanutvalet som vedtek å setje i gang planarbeidet og å leggje planframlegget ut til offentleg høyring.

Forhold til overordna plan:

I samsvar med andre planar

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:

Sjølve planen endrar ikkje på kommunens økonomiske ansvar og plikter

Vurdering:

Innspeil til denne revideringa har alt kome frå fleire hald. Me står midt oppi store utbyggingar på anleggssida for idrett og fysisk aktivitet i Ål. Legging av kunstgrasbane på Bråta og reovering av sømjebassenget på Nedre-Ål er baa anlegg som nett no er ferdige, men som enno ikkje har fått tilskot frå spelemidlane. Nytt lys til trening i Hallingdal skisenter har fått noko løyving lokalt, er prioritert, men har ikkje fått gjort ferdig søknaden sin enno. Utfordringa med motocrossbanen er ei anna sak

Desse anlegga representerer spelemiddeltilskot på 5 6 mill. Dette kan me ikkje rekne med å få frå fylket på fleire år.

Likevel bør me sjå framover med tanke på nye anlegg og utbyggingar dersom det er ynskjeleg.

Utbygging av nærmiljøanlegg bør og vurderast med tanke på korleis dei blir fordelt i heile kommunen, sjølv om små, mindre kostnadskrevjande anlegg kan søkje utan å stå i planen.

Planen skal og sei noko om folkehelsearbeidet, og om kommunens mål med verkemiddel, for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Framdrift:

31. okt. - Vedtak om igangsetjing i planutvalet

1. nov. - Utlysing i Hallingdølen og på nettsida til kommunen om innspel til planen

16. nov. - Frist for innkomne framlegg

Veke 48 - Vurdert i tverrfagleg planutval

10. des - Utkast ferdig frå administrasjon

17. des - Utkast til høyring vedteke i planutvalet

20. jan - Frist for høyringsuttale

Februar 2008 - Slutthandsaming i planutval og kommunestyre

Rådmannen si innstilling:

- Kommuneplanutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova §20-5 å setje i gang arbeidet med "Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet" for planperioden 2008 – 2011
- Rådmannen organiserer planarbeidet i tråd med saksopplysningane og vurderingane i saksutgreiinga.

Kultursektoren, 25.10.2007

Trond Kleppen
rådmann

Maria Høgetveit Berg
kultursjef

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 113/07
Arkivsaksnr: 07/1576
Arkivkode: U63

Sakshandsamar: Kari Flatland

Saksnummer	Utval	Møtedato
113/07	Formannskapet	31.10.2007

ÅL PIZZA OG KEBAB HOUSE - SERVERINGSLØYVE

Saka vert avgjort av:

Ål formannskap

Vedlegg:

Søknad om serveringsløyve frå Sana Pizza & Kebab House v/Sami Shewni

På Ål pizza og kebab house.

Firmaattest

Kopi av etablererprøve frå Sami Shewni

Uttale frå Skatteoppkrevaren i Hallingdal

Uttale frå Lensmannen i Ål

Dokument i saka:

Serveringslova

Saksopplysningar:

Sana Pizza & Kebab House v/Sami Shewni har søkt om serveringsløyve ved Ål Pizza og Kebab (tidlegare Evjens kafe). Sami Shevani driv i dag Sana Pizza & Kebab House i Tønsberg. Dette stedet skal framleis drivast, samstundes som han søker om overtaking av tidlegare Ål pizza & kebab. Shewani skal bu og drifte staden her på Ål. Lalo Mahmed Mhammed skal vere stedsfortreder.

Staden skal drivast etter same konsept som tidlegare med opningstider 13.00 – 23.00 på kvardager og 13.00 – 02.00 på helgene.

Søknaden er sendt Skatteoppkrevaren i Hallingdal og Lensmannen i Ål til uttale. Desse har ingen merknader.

Forhold til overordna plan:

Ingen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Vurdering:

Ål pizza & kebab House skal driftast som tidlegare. Opningstidene blir til kl. 23.00, men i helgene ønsker dei opningstider til kl. 02.00. Dette blir likt som tidlegare. Administrasjonen vil gå inn for at Sana pizza & Kebab House v/Sami Shewani får serveringsløyve ved Ål pizza & Kebab House fram til 30. juni 2008.

Rådmannen si innstilling:

Ål formannskap gjev Sana Pizza & Kebab House v/ Sami Shewani slik serveringsløyve:

1. Løyvehavar: Sana Pizza & Kebab House v/Sami Shewani
2. Serveringsstad: Ål pizza & Kebab House
3. Type serveringsstad: Kafeteria
4. Styrar: Sami Shewani (godkjent etablererprøve)
5. Stedsfortreder: Lalo Mahmed Mhammed
6. Opningstider: Kvardager: 13.00-23.00, helger: 13.00 – 02.00.
7. Løyvet gjeld til: 30. juni 2008.

Adm. og fellestenester, 25. oktober 2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kari Flatland
saksbehandlar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 114/07
Arkivsaksnr: 07/1624
Arkivkode: U63

Sakshandsamar: Kari Flatland

Saksnummer	Utval	Møtedato
114/07	Formannskapet	31.10.2007

SUNDRE GJESTESTUGU - SERVERINGSLØYVE

Saka vert avgjort av:

Ål formannskap

Vedlegg:

Søknad om serveringsløyve frå Sundre AS ved Sundre Gjestestugu (tidl. Gunvalds kjøken)

Firmaattest frå Sundre AS

Uttale frå Skatteoppkrevaren i Hallingdal (blir ettersendt)

Uttale frå lensmannen i Ål (blir ettersendt)

Dokument i saka:

Serveringslova

Saksopplysningar:

Sundre Gjestestugu ønskjer å halde fram med servering til slutta selskap og møter i lokala til tidlegare Gunvalds Kjøken i Sundrevegen 65. Else Veslegard skal vere styrar for Sundre Gjestestugu og Gunnhild Opsata skal vere stedsforreder.

Forhold til overordna plan:

Ingen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Vurdering:

Sundre Gjestestugu ønskjer å vidareføre ein del av tilbodet som har vore ved Gunvalds Kjøken. Dei ønskjer å halde ope ved slutta selskaper og ved møter. Administrasjonen i Ål kommune vil gå inn for at dette tilbodet blir vidareført. Det er ein føresetnad for drifta at styrar har avlagt etablererprøve, jfr. Serv.l § 5.

Sundre Gjestestugu har til no drive på ein overgangsordning frå Gunvalds Kjøken, og har også fått løyve til ambulerande skjenkeløyve ved enkelte høve. Ved at dei no skal drive ein serveringsstad der det også er aktuelt å skjenke alkohol, vil administrasjonen i Ål kommune tilrå at det blir søkt om fast skjenkeløyve for staden. Ambulerande skjenkeløyver er tenkt brukt ved slutta selskap for privatpersonar, so som bryllup, åremålsdagen mv. Ål kommune har berre 2 ambulerande skjenkeløyver pr. i dag.

Rådmannen si innstilling:

Ål formannskap gjev slikt serveringsløyve:

1. Løyvehavar: Sundre AS v/Knut Veslegard
2. Serveringsstad: Sundre Gjestestugu
3. Type serveringsstad: Møte- og selskapslokaler
4. Styrar: Else Veslegard (etablererprøve må vere bestått seinast **01.12.07**)
5. Stedsfortreder: Gunnhild Opsata
6. Løyvet gjeld til: 30. juni 2008.

7. Dersom det skal serverast alkoholhaldig drikk ved serveringsstaden, ber Ål kommune om at det blir søkt om fast skjenkeløyve. Den som skal vere skjenkestyrar må ha avlagt kunnskapsprøve i alkohollovgjevinga.

Adm. og fellestenester, 25.10.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kari Flatland
saksbehandlar